

Torgersen Bjørg**Fra:** Oddvar Hallaråker [oddvar.hallaraker@seljord.kommune.no]**Sendt:** 4. november 2005 10:44**Til:** Postmottak BFD**Kopi:** Listaul Elin; Anne Marie Dahle; Gunhild Sundbø; Kristin Gaarder; gerd.holtan@fmte.no**Emne:** Høyringsuttale om Rammeplan for barnehagen

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS ÅR.
ARKIVNR.: 330.01	
- 7 NOV 2005	
SAKSBEH.	STON:
SAKSNO. 2005/03580	

-077

SELJORD KOMMUNE
Rådmannskontoret

Seljord, 04.11.05.

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

**HØYRINGSUTTALE OM FORSLAG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR
BARNEHAGEN**

Seljord kommune viser til skriv av 07.09.2005, med vedlagt høyringsnotat om revidert rammeplan for barnehagen.

Seljord kommune finn det i utgangspunktet positivt at rammeplanen er korta ned, men på enkelte område syns vi at dette har gått på bekostning av kvaliteten i framlegget. Vi opplever at delar av framlegget ber preg av å vere hastverksarbeid, noko vi finn sterkt uheldig. Eit så sentralt dokument som rammeplanen vil vere for ei så viktig samfunnsoppgåve som barnehagen, tilseier at ein må ta seg tid til ei grundig og fagleg forsvarleg prosess.

Seljord kommune opplever det som positivt at rammeplanen gjengir barnehagelova si stadfesting av at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd.

Vi finn likevel at denne føresetnaden er alt for lite understreka i forslaget.

Den pedagogiske dimensjonen opplever vi er nedtona.

Barnehagen sine overordna oppgåver omtala *som oppvekstarena for barn og som velferdstilbod for småbarnsforeldre*.

Seljord kommune etterlyser ei sterkare understreking og vektlegging av barnehagen si pedagogiske rolle.

Kapittel 6 i rammeplanforslaget, som omhandlar barnehagen sine fagområde, meiner Seljord kommune er godt. Vi syns at utvalet av fagområde er bra, og at prosessmåla innanfor dei ulike

04.11.2005

fagområda er gode, sjølv om dei på enkelte område kunne vore noko meir presise.

Det er og svært positivt at det blir stilt klare krav til personalet.

Vi etterlyser likevel i denne samanheng ei sterkare differensiering og vektlegging av den pedagogiske rolla i den faglege verksemda.

Forslaget inneheld lite om metodisk tilnærming, arbeidsmåtar, pedagogisk innhald og relasjon til ny kunnskap og samanheng i utdanningsløpet.

Det er viktig at dokumentasjon og vurdering er tatt inn i planforslaget.

Vi etterlyser derimot ei nærare konkretisering på dette området.

Det kan

synast å vere behov for både presisering og grensedraging av meir formell art.

Avslutningsvis vil Seljord kommune etterlyse ei nærare avklaring og understreking av samfunnsmandatet til barnehagen i den endelege rammeplan for barnehagen.

Kva er den overordna målsetjing med barnehage i Noreg?

Skal barnehagen si hovudoppgåve vere barnerelatert, nemleg å medverke til ei positiv utvikling for barna, eller skal barnehagen si primæroppgåve vere eit velferdstilbod til foreldra?

Dette er viktig å få synleggjort i det overordna dokumentet i det faglege rammeverket for barnehagesektoren.

Med vennleg helsing

Oddvar Hallaråker
kommunalsjef

Kopi: Barnehagane.
Formannskapet.
Fylkesmannen i Telemark.